

Hus med historie på Skorpo til sals

05.02.2010

Eit 64 kvadratmeter stort hus med ei heilt spesiell historie på Skorpo er no lagt ut til sal hos Privatmegleren Sunnhordland. Huset ligg 100 meter frå fjorden på Skorpo og vart truleg reist rundt 1850.

Det blir opplyst av meklaren at det opprinneleg vart nytta som tenestebustad for drenger og tenestejenter som jobba på garden.

Seinare gjorde det teneste som skulehus for Skorpo - til skulen der vart nedlagt.

I 1962 vart det så utskilt frå hovudbruket og har sidan vore nytta som hytte - med fleire eigarar. Eigarane har freista å bevare huset i den gamle stilen og vedlikehaldet har vore bra, men standarden er noko enklare, blir det opplyst.

Tomta er på nesten 2 mål og prisen 1,25 millionar kroner. Meklaren opplyser til uskedalen.no at det blir visning i neste veke.

Av Ola Matti Mathisen